

Populærvitenskapelig rapport

Søtkirsebær dyrka i potter og substrat i veksthus og tunnel

Grunna endring av klima må søtkirsebær-produentar på Vestlandet investera i regntak eller plasttunnelar for å sikra produksjonen. I Rogaland er det mange eldre tomatveksthus som framover blir ledige grunna struktur-rasjonalisering og kostnadseffektivisering i tomatnæringa. Den overordna idéen med prosjektet var å utvikla ein ny produksjons-metode for intensiv dyrking av søtkirsebær i potter i eldre, utrangerte tomat-veksthus, og samstundes også prøva ut denne metoden i plast-tunnelar. Svært tett planting (0,75 x 2,0m) og sterk styring av vekst skulle gje høg avling pr m² samt utvida den norske morellsesongen.

Ei hovudutfordring ved slik intensiv produksjon er å klara å halda tre innanfor den tildelte plassen gjennom heile omløpet på 8-10 år. Å finna fram til ein formingsmetode som gir smale høge tre, som utnyttar plassen i veksthuset eller tunnelen optimalt var difor ei hovud-utfordring. Pottestorleik og type vekstmedium var andre spørsmål som måtte avklarast. Vekstmediet må vera samansett på ein slik måte at strukturen held seg stabil over fleire år, med nok luft og drenering i potta.

Tilføring av rett næring og vatn er også ei viktig utfordringa når vi dyrkar store tre i små potter. Å utvikla gjødslings- og vatningsstrategiar for dei ulike fasane gjennom vekstsesongen var derfor ei viktig FoU-utfordring. Prosjektet skulle også avklara om dyrking i veksthus og tunnel kunna redusera bruken av kjemisk plantevernmidlar. Ikkje minst var utprøving av ulike sortar og grunnstammer viktige oppgåver i prosjektet.

Resultata i prosjektet har vist at trea etablerer seg raskt og kjem tidlegare i full produksjon enn ved planting i bakken. Den nye dyrkingsmetoden gjev dermed raskare inntening og betre lønsemd per arealeining enn i tradisjonelle dyrkingsmetodar.

I forsøk ved NIBIO Særheim har vi oppnådd avling tilsvarande 3.000 - 4.000 kg per daa allereie to år etter planting. Produentar i prosjektet har oppnådd avlingar på 3.000 kg per daa. Ein viktig grunn til dei store avlingane er at morellene blir jamt over større enn på tre planta i bakken. Med krav om store investeringar i tunnelar, gjødslingssystem m.v. ved etablering av nye søtkirsebærfelt, er dette vesentleg for oppnå god lønsemd i produksjonen.

Prosjektet har vist at mørke plantesekkar/potter, gjev tidlegare modning av søtkirsebæra enn ved planting i bakken. Dette skuldast først og fremst høgare rot-temperatur i pottene.

Søtkirsebær frå desse plantingane kan dermed komma tidlegare på marknaden enn tilsvarande sortar dyrka i bakken. Dette gjev høgare pris og betre lønsemd, og den norske sesongen kan utvidast. I følgje omsetningsledda (BAMA og Coop) er det trong for gode kjøttmoreller tidleg i den norske sesongen.

I prosjektet er det testa ut fleire ulike sortar, grunnstammer, pottestorleikar, plantesystem / formingsmetodar, og det er gjennomført fleire gjødslingsforsøk med ulik nærings-samansetning og gjødslingsteknikkar. Summen av alle utprøvingane/forsøka har gitt oss mykje kunnskap som vil bidra til å gje næringa betre lønsemd.

Prosjektet har vist at dyrking i veksthus og i heilårstunnelar kan gjerast med minimal bruk av kjemiske plantevernmidlar. Søtkirsebærtrea i potter og i substrat har også vist seg å vera sterkare mot sjukdommen steinfuktbakteriose, som er eit stort problem ved tradisjonell dyrking. Med flyttbare tre kan ein enkelt gjera justeringar under vegs i omløpet, slik at plantinga til ei kvar tid er optimal (erstatta dårlege sortar, setja inn pollineringsstre, endra planteavstand m.v).

Prosjektet er i ferd med å realisera visjonen om å utvikla nytt produksjonssystem for intensiv dyrking av søtkirsebær i veksthus og tunnel, basert på substrat i potter. Fleire av prosjekt-deltakarane har tatt systemet i bruk og vist at dyrkingsmetoden fungerer etter intensjonen.

Det er framleis fleire dyrkingsmessige utfordringar for å optimalisera den nye produksjonsmetoden endå meir. Ryfylkefrukt SA har difor, i samarbeid med fruktmiljøet i Hardanger og NIBIO fått tilsagn frå Norges Forskningsråd om eit nytt FoU-prosjekt i åra 2020-2024.

607 ord